

BETALINGSREGULATIV FOR GEBYR ETTER FORUREININGSLOVA § 34.

Kommunal forskrift for Eidfjord kommune, Granvin herad, Jondal kommune, Ullensvang herad, Ulvik herad og Voss kommune.

Vedteken av Eidfjord kommunestyre	xx.xx.18, sak xxx/18
Granvin heradsstyre	xx.xx.18, sak xxx/18
Jondal kommunestyre	xx.xx.18, sak xxx/18
Ullensvang heradsstyre	xx.xx.18, sak xxx/18
Ulvik heradsstyre	xx.xx.18, sak xxx/18
Voss kommunestyre	xx.xx.18, sak xxx/18

Forskrifta vert gjort gjeldande frå 01.01.2019

Innhald:

- § 1 Generelt om handsaming av gebyrsaker
- § 2 Søknadsgrunnlag, vedtak
- § 3 Eigedomar som ikkje er i bruk eller har redusert bruk
- § 4 Grunnlag for utrekning av gebyret. Særskilde reglar
- § 5 Renovasjonsgebyr
- § 6 Betalingsreglar, justering mv.

§ 1. Generelt om handsaming av gebyrsaker

- § 1.1 Indre Hordaland Miljøverk (IHM) handsamar alle gebyrsaker i samsvar med renovasjonsforskriftene. IHM kan utforme særskilde retningsliner for praktisk gjennomføring av vilkåra i denne forskrifta.
- § 1.2 IHM gjer vedtak om gebyr i saker som ikkje direkte fylgjer av desse forskriftene.
- § 1.3 IHM kan i særskilde høve fråvike dette reglementet og gjere særavtalar med einskilde abonnentar.

§ 2. Søknadsgrunnlag, vedtak

- § 2.1 For søknad om endring av kommunale gebyr, skal det nyttast særskilt søknadsskjema frå IHM. Søknaden vert handsama på grunnlag av dei opplysningar som er gjeve i søknadsskjemaet. IHM kan likevel hente inn supplerande opplysningar og eventuelt synfare.

- § 2.2 Endring av gebyr som berre omfattar endring av leveringsfrekvens eller behaldarstorleik, dvs. overgang mellom gebyrklassane små-, normal- eller storhushald, skal meldast med ei forenkla skriftleg melding.
- § 2.3 Vedtak om endring av gebyr vert gjort gjeldande frå fyrste heile månad etter at IHM har motteke fullstendig søknad/melding om endring.
- § 2.4 Dersom bruken av eigedomen endrar seg, pliktar eigaren straks å varsle IHM skriftleg. Gebyrgrunnlaget vil då verte vurdert.

Vedtak om fritak for renovasjon og tilsvarande gebyr gjeld i inntil 2 år. Minst to månader før vedtaket går ut, kan det søkjast om forlenging av fritaket med inntil to nye år. Dersom IHM ikkje har fått søknad om forlenging innan fastsett tidsfrist, vert gebyret automatisk justert tilbake til tidlegare fastsett gebyr.

§ 3. Eigedomar/bustader som ikkje er i bruk eller har redusert bruk

- § 3.1 Eigedomar/bustader som står tomme i minst eitt år kan, etter søknad, få fritak for renovasjon og tilsvarande gebyr. Fritaket vert gjeve i samsvar med pkt. 2.3 og pkt. 2.4.
- § 3.2 For å få renovasjonsordning som gjeld for fritidsbustad, må eigedomen/bustaden vere byggemeldt som fritidsbustad eller fått godkjend bruksendring til fritidsbustad. Vidare er det eit vilkår at eigedomen/bustaden fylgjer vilkåra for fritidsbustad i punkt 5.3.

§ 4. Grunnlaget for utrekning av gebyret. Særskilde reglar

- § 4.1 For bustadhus som ligg over 500 meter frå hentestad kan ein etter søknad få nedsett renovasjonsgebyr til inntil halvparten av gebyret for normalhushald.
- § 4.2 **Burettslag med felles avfallsordning**
I slike fellesskap vert faktura sendt samla basert på mengde og frekvens.
- a) Utgangspunkt for utrekning av gebyr er småhushald x antal einingar i fellesskapet. Ved restavfallsmengder ut over 140 ltr. pr. eining pr. mnd (småhushald) over tid, kan IHM byte ut naudsynt tal abonnement frå småhushald til normalhushald, og tilhøyrande oppsamlingskapasitet.
- b) I tillegg kan det avtalast ekstra hentefrekvens i høve til kapasitet (areal) på avfallsrom. Tømming utover ordinær hentefrekvens jf. § 5 vert fakturert i tillegg.

§ 4.3 Sameige med felles avfallsordning

I slike fellesskap vert eigen faktura sendt til kvar buening/abonment. Om ønskjeleg kan sameige få tilsendt felles faktura og verte handsama tilsvarende pkt. 4.2.

- a) Utgangspunkt for utrekning av gebyr er småhushald x antal einingar i fellesskapet.
Ved restavfallsmengder ut over 140 ltr. pr. eining pr. mnd (småhushald) over tid, må IHM og sameiget gå i dialog. Sameiget avklarar endringar i type abonnement for dei ulike bueningane, og IHM justerer oppsamlingskapasitet og fakturerer deretter.
- b) I tillegg kan det avtalast ekstra hentefrekvens i høve til kapasitet (areal) på avfallsrom. Tømming utover ordinær hentefrekvens jf. § 5 vert fakturert i tillegg til sameiget.

§ 4.4 Campingplassar med felles avfallsordning

I slike fellesskap sendast samla faktura basert på antal einingar.

Utgangspunkt for utrekning av gebyr er fritidsbustad gebyrklasse låg jf. § 5.3 x antal einingar i fellesskapet.

§ 5. Renovasjonsgebyr

I tillegg til gebyrsatsane kjem p.t. 25% meirverdiavgift.

For Jondal kommune gjeld: Irekna i gebyra under pkt. 5.1, 5.2 og 5.3 er kr. 50,- pr. abonnent som gjeld kommunen sin del.

§ 5.1 Standard renovasjonsgebyr – differensiert:

§ 5.1.1 Småhushald med inntil fire 140 ltr. behaldarar.

Levering av våtorganisk avfall kvar 14. dag.

Restavfall, papir-, papp- og plastemballasje ein gong kvar måned.

Glas- og metallemballasje 2. kvar måned.

Pr. husstand pr. år

kr. 2 495

§ 5.1.2 Normalhushald med inntil fire 140 ltr. behaldarar.

Levering av våtorganisk avfall og restavfall kvar 14. dag.

Papir-, papp- og plastemballasje ein gong kvar måned.

Glas- og metallemballasje 2. kvar måned.

Pr. husstand pr. år

kr. 3 564

- § 5.1.3 **Storhushald** med 240 ltr. behaldar til restavfall, og inntil tre 140 ltr. behaldarar til øvrige fraksjonar.
Levering av våtorganisk avfall og restavfall kvar 14.dag.
Papir-, papp- og plastemballasje ein gong kvar måned.
Glas- og metallemballasje 2. kvar måned.
Pr. husstand pr. år kr. 4 812
- § 5.2 **Renovasjonsgebyr der abonnenten sjølv handsamar sitt våtorganiske avfall - differensiert:**
Det er ein føresetnad for gebyra § 5.2.1 - 5.2.3 at det er inngått skriftleg avtale mellom abonnent og IHM.
- § 5.2.1 Småhushald med inntil tre 140 ltr. behaldarar.
Levering av restavfall, papir-, papp- og plastemballasje ein gong kvar måned.
Glas- og metallemballasje 2. kvar måned.
Pr. husstand pr. år kr. 1 781
- § 5.2.2 Normalhushald med inntil tre 140 ltr. behaldarar.
Levering av restavfall kvar 14. dag.
Papir-, papp- og plastemballasje ein gong kvar måned.
Glas- og metallemballasje 2. kvar måned.
Pr. husstand pr. år kr. 2 497
- § 5.2.3 Storhushald med 240 ltr. behaldar til restavfall, og inntil to 140 ltr. behaldarar til øvrige fraksjonar.
Levering av restavfall kvar 14. dag.
Papir-, papp- og plastemballasje ein gong kvar måned.
Glas- og metallemballasje 2. kvar måned.
Pr. husstand pr. år kr. 3 567
- § 5.3 **Renovasjonsgebyr for fritidsbustad:**
Fritidsbustad har gebyr som er differensiert og vekta etter eigne kriteria basert på storleik, innlagt straum og veg fram til fritidsbustaden.
(Jf. retningsliner for differensiering av hyttegebyr)
- § 5.3.1 Fritidsbustad i gebyrklasse låg. Pr. fritidsbustad pr år. kr. 891
- § 5.3.2 Fritidsbustad i gebyrklasse middels. Pr. fritidsbustad pr. år kr. 1 603
- § 5.3.3 Fritidsbustad i gebyrklasse høg. Pr. fritidsbustad pr. år kr. 2 495

Fritidsbustad < 20m² får alltid gebyrklasse låg. Det same gjeld for campinghytter og campingvogner.

Gebyr for fritidsbustader med utleige eller som er > 120m² skal ha renovasjonsgebyr som for bustadhus, og skal minst vurderast i klasse med normalhushald, jf. § 5.1.2. Det same gjeld for fritidsbustad brukt som fast bustad.

§ 5.4 Tilskot til heimekompostering:

I tillegg til gebyrreduksjonen gjev IHM eit eingongstilskot til kjøp av kompostbinge. Tilskot til isolert kompostbinge for varmkompostering eller utstyr til annan godkjend omdanningsprosess - 50% tilskot av innkjøpspris, maks kr. 1500,- inkl. mva.

§ 5.5 Gebyr for levering av avfall til IHM sitt avfallsmottak:

Gebyr for levering av avfall til IHM sitt avfallsmottak vert fastsett av IHM.

§ 6. **Betalingsreglar, justering mv.**

§ 6.1 Prisane i regulativet er pr. 1.1.2019.

Gebyret skal årleg vedtakast av kommunen. IHM sitt styre og representantskap gjev tilråding til kommunane om endring av gebyret.

§ 6.2 Renovasjonsgebyr skal betalast frå og med fyrste heile månad etter at abonnementet er teke i bruk.

Ved nybygg skal renovasjonsgebyr betalast frå og med fyrste heile månad etter at innflytting skjer eller frå bruksløyve / mellombels bruksløyve / ferdigattest er gjeve.

§ 6.3 Gebyret skal betalast i to terminar årleg. Gebyret vert fordelt likt på dei to terminane.

§ 6.4 Gebyret vert rekna fullt ut sjølv om eigedomen/bustaden periodevis står tomt.

§ 6.5 Der kommunen/heradet har vedteke at IHM skal krevje inn gebyret på vegne av kommunen/heradet, skal gebyret betalast til IHM.